



Gunnar Kjærland og Hilda Guddal tykte det var spennande å setta seg på skulebenken att

Kan du tenkja deg å ta plass på skulebenken og læra om data sjølv om du fyller 90 neste år? Neppa, men det gjorde Gunnar Kjærland i Gamleskolen i kveld. Han er eldst av dei 15 som deltek i seniorsurfen til Uskedalen Utvikling medan den yngste nyleg runda 60.

Det var ein engasjert og interessert elevflokk som møtte på den første kurskvelden og som kjem att neste onsdag. Hans Ordin Østebø med bistand av kona Britt Iren i dei bakre regioner løyst e oppgåva si bra og alle ser fram til neste kveld.

uskedalen.no spurde Kjærland om det vart mykje å lære på ein gong. men svaret var dette:

- Jau, det var mykje på ein gong, men det grekk greitt. Eg får seie som den entusiastiske førsteklasingen: Eg trur eg skal gå på skulen att imorgon!

Østebø har store datakunnskapar og er ein flink pedagog. Han serverte bodskapen sin i passande doser. slik at elevane ikkje vart overkøyrde.

Denne første kvelden var det naturleg å dvela mest ved pc-ens oppbyggjing og funksjonar og det var fleire enn elevane som lærte meir om tastaturets hemmelegheiter. Neste gong skal det bli avslørt meir om dette temaet som var det dominerande denne kvelden, Det er utruleg kva ein kan få til hvis ein berre kan trykka på dei rette knappane.

Eigentleg er det vel ikkje rett å kalla det som gjekk føre seg for surfing, for elevane har ikkje teke spranget ut på nettet førebels. Det skjer først seinare.

Læraren veit ikkje no kor mange kurskveldar det blir.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Hans Ordin Østebø var ein flink pedagog